

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: S. o. Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Høyanger

Oppskr. av: J. Dale

Gard: Dale

(adresse): Høyanger

G.nr. 62. Br.nr. 1-5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- Til 1. Ja det var den vanlege mätten her. Det hette vassle "vass-sel". Han var uthala for halsen og herdane, so kunne skude leggja stift og godt - ikkje gnaga og ikkje glida. Nokon annane tygjo kjenner eg ikkje.
- J kva mede var tog med trekkokar eller jarnkokar til å hugga i bytten klyppane. Summe brukar jarnbunde (lektjor) med jarnkokar i staden for tog. Men nemnde dei "vasselbunde" og "vasselkokar". Tre bytten var å bruke til vassbering til fram i 1890. Dei tok dei til å bruke jarnbytten eller klyppspenne.
- Til 2. Slik stong seint og ikkje var brukt her korkje på den ein eller andre mätten. Ikkje laus botter, heller til å hindre skraping.
- Til 3. Det kunde at one gettingar drog vater på hjørn - 2 bytten i skingur når det var god sey og godt fôr.

Til 4. Det vanlige var at beslutning
var vater til kriteri og hirs mori bar
til hirs bruk og matvater. Eller hyspte
dei største borne og til, og Marann med
nå veret var infuse, og dei hadde tid
og hove. Forly der dei hadde lang vass-
veg og vasskely. i gå.

Til 5 Nei, no er det lagt inn
vater på alle garda både i høi og
høi, og hilsar.

I vinter måtte dei til på gam-
le maten da alle springer fram.

Gjæmsagt mytka dei hesten til i
høira når det var lang vassveg, og
veg so dei kunde bruke hest

Det var Hving 1912-13 dei tok
til i leggja inn vater på gardam
her i grendi, ~~xx~~ No er det vist ikkje
viss him utan dei her springvater.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

515

515

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke:

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Høyanger

Oppskr. av: S. Dale

Gard: Dale

(adresse): Høyanger

G.nr. 62 Br.nr. 1-5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til 1. Ja det var den vanlege måten her. Åket heitte vassele "vass-sel". Han var uthola for halsen og herdane, so han skulde leggja stødt og godt- ikkje gnaga og ikkje glida. Nokon annan type kjenner eg ikkje. I kvar ende var tog med trekrokar eller jarnkrokar til a hengja i byttekylvane. Sume bruka jarnband (lekkjor) med jarnkrokar i staden for tog. Me nemnde dei "vass-selband" og "vasselkrokar. Trebyttor vart bruka til vassbering til fram i mot 1890. Då tok dei til å bruka jarnbyttor eller blekkspann.

Til 2. Slik stong veit eg ikkje var brukt her korkje på den eine eller andre måten. Ikkje lausbotn-, heller til å hindre skvalping

Til 3 Det hende at me gutungene drog vatn på kjelke-2 byttor i slengen når det var god veg og godt føre.

Til 4. Det vanlege var at budeiom bar vatn til krøteri og husmori bar til husbruk og matvatn. Elles hjelpte dei største borne og til, og karane med når veret var ufyse, og dei hadde tid og høve. Serleg der dei hadde lang vassveg og vanskeleg å gå.

Til 5 Nei, no er det lagt inn vatn på alle garda både i fjøs og kjøken, og kjellar. I vinter måtte dei til på gamle måten då alle springar fraus. Sjølv sagt nytta dei hesten til å køyra når det var lang vassveg, og veg so dei kunde bruka hest Det var kring 1912-13 dei tok til å leggja inn vatn på gardane her i grendi. No er det visst ikkje ein heim utan dei hev springvatn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM 515

BYGDØY

Rekavskrift L. Aall.